

Invitasjon til

Nasjonal tevling i husflid, handverk og design

Dyrsku'n 11.–13. september 2026

Kvart år vert landets største tevling i husflid, handverk og design arrangert som ein sentral del av Dyrsku'n. Tevlinga har røter tilbake meir enn eit halvt hundreår, og har som mål å fremje, ta vare på og stimulere til nyskaping innan husflid, handverk og design. Samstundes skal ho bidra til breidde, mangfald og auka interesse for faget.

I 2026 vert det tevla i følgjande kategoriar: **tekstil, tre, sylv, kniv, smiing, rosemåling og keramikk.**

Innsende arbeid vert stilte ut i den årlege husflidsutstillinga 11.–13. september, som kvart år blir besøkt av fleire tusen gjester. Både erfarne utøvarar, profesjonelle og utøvarar i opplæring vert oppmoda til å delta. Elevar, studentar og andre i læringssituasjon kan delta i rekruttklasse i kvar kategori.

Kvart innsendt arbeid vert vurdert av eit dommarutval sett saman av Norges Husflidslag. Dommargruppa består av eit variert panel med høg fagleg kompetanse og brei erfaring. Målet er å gi deg som utøvar ei grundig og konstruktiv fagleg tilbakemelding på arbeidet ditt. Alle arbeid vert vurderte individuelt og tevlar ikkje direkte mot andre.

Det vert delt ut Stimuleringspris og Nyskappingspris til arbeid som utmerkar seg, samt Norges Husflidslag sitt diplom for godt handverk.

I samband med 160-årsjubileet til Dyrsku'n i 2026 vert det òg oppretta ein publikumspris på husflidsutstillinga.

Vi oppmodar til deltaking og set pris på at du spreier informasjonen vidare i nettverket ditt. Kvart bidrag er med på å skape inspirasjon, kunnskap og gode opplevingar knytte til samtidige uttrykk innan husflid, handverk og design frå heile landet.

Frist for påmelding og innlevering av produkt er måndag 10. august 2026.

Det kostar 370 kroner å delta. Dette inkluderer:

- deltaking i tevlinga
- faglege tilbakemeldingar frå dommarar
- moglegheit til å vinne premiar, prisar og diplom
- gratis inngangsbillett for éin dag på Dyrsku'n (*verdi kr 280*)
- premieutdeling finn stad søndag 13. september kl. 14.00 i TettPå Stor arena, nær Hovudinngangen

Sjå påmeldingsskjema, reglement og rettleiing for meir informasjon om deltaking, eller besøk [dyrskun.no](https://www.dyrskun.no).

Ved spørsmål, ta kontakt med:
Anna Katharina Garmeister
Prosjektleder Husflidsutstillinga Dyrsku'n
Mobil: 932 68 096
E-post: husflidsutstilling@vtm.no

Les meir og meld deg på her:
<https://www.dyrskun.no/husflid-pa-dyrskun/>



@husflid_handverk_design_dyrsku



@Husflid, handverk og
design på Dyrsku'n



<https://www.dyrskun.no/husflid-pa-dyrskun/>